

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR 2020-2023

SYKKYLVEN KOMMUNE

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aukra kommune, Aure kommune, Averøy kommune, Fjord kommune, Giske kommune, Gjemnes kommune, Hustadvika kommune, Kristiansund kommune, Molde kommune, Rauma kommune, Rindal kommune, Smøla kommune, Stranda kommune, Sula kommune, Sunndal kommune, Surnadal kommune, Sykkylven kommune, Tingvoll kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre revisjonstenester for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Molde og Ålesund.

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har etter avtale med Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS gjennomført risiko og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette er meint som grunnlag for utarbeiding av plan for eigarskapskontroll.

Ålesund, 17.11.2020

INNHOOLD

1 Innleiing	5
1.1 Eigarskapskontroll	5
1.2 Metode og gjennomføring	5
2 Eigarskapsmelding og oversyn over selskap som kommunen eig	5
2.1 Eigarskapsmelding.....	5
2.2 Oversyn over selskap Sykkylven kommune eig eller har eigarinteresse i.....	6
2.3 Politiske saker og tidlegare eigarskapskontrollar	8
3 Vurdering	9

1 INNLEIING

1.1 EIGARSKAPSKONTROLL

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 § 23-2 skal kontrollutvalet som sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av eigarinteressene kommunen har i selskap mv. som kommunen har eigarinteresser i. Dette blir omtala som eigarskapskontroll. I § 23-4 går det fram reglar om utarbeiding av risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll.

Eigarskapskontroll blir definert slik i §23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunes eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Eigarskapsmelding vil vere eit viktig dokument ved utarbeiding av risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll. Ny kommunelov styrker kommunane si eigarstyring i høve kommunalt eigde selskap mv. Eit viktig grep er at det nå gjeld eit lovfesta krav om eigarskapsmelding jf. § 26-1. Her går det fram minimumskrav til innhald i meldinga, og at meldinga skal utarbeidast minst ein gong i valperioden og bli vedtatt av kommunestyret.

Eigarskapskontrollen skal vere med å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Dette vil kunne gjere at kommunen kan påverke selskapet i ønska saker, at eventuelle medeigarar blir likebehandla og at selskapet sin uavhengighet blir oppretthalden.

1.2 METODE OG GJENNOMFØRING

Risiko- og vesentlegvurderinga er bygd på informasjon om Sykkylven kommune. Det er sett på politiske vedtak, eigarskapsmelding, rekneskap og tidlegare eigarskapskontrollar.

2 EIGARSKAPSMELDING OG OVERSYN OVER SELSKAP SOM KOMMUNEN EIG

2.1 EIGARSKAPSMELDING

KS rår til at eigarskapsmeldinga minimum bør ha desse hovudpunkta¹:

1. *Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.*
2. *Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring*
3. *Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.*

¹ https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring_digital.pdf

4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.
5. Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv

Sykkylven kommune har eigarskapsmelding som vart vedteken av kommunestyret 11.11.2013 i sak 58/13 ved at kommunestyret tok framlagt melding til orientering. Eigarskapsmelding omhandlar hovudprinsipp og verdigrunnlag for eigarstrategi. Det vart og omtalt ulike selskapsformer. Vidare vart det gitt eit oversyn over selskap og eigarinteresser, samt strategi som skal ligge til grunn for det enkelte eigarskap.

2.2 OVERSYN OVER SELSKAP SYKKYLVEN KOMMUNE EIG ELLER HAR EIGARINTERESSE I

I eigarskapsmeldinga vart det gitt følgjande oversyn over selskap der kommune hadde eigarinteresse:

SELSKAP	FORM	TAL STYREMED	TAL FRÅ SYK-KOM	MERKNAD
Sykkylven Energi AS	Heileigd	7	5*	
Sykkylven Bustadselskap AS	Heileigd	5	5*	
Aure Omsorgsbustader AS	AS	5		Felles styre med Syk. Bustads.
Sykkylvsbrua AS	AS	5	3*	
Sykkylven Egedomsutvikling AS	Heileigd	3	3*	
Storfjordterminalen AS	Heileigd	3	3*	
Godsterminalen AS	Heileigd	5	3*	Felles styre med Storfjordterminalen
Sykkylven Næringsutvikling AS	AS	5	3*	
Storfjordsambandet ASA	ASA	5		
Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 IKS	IKS	5		
Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS	IKS	3		
IKA – Interkommunalt arkiv	IKS			
Åknes Tafjord Beredskap IKS	IKS	7	1*	Ordførar
Sunnmøre Regionråd IKS	IKS	7		
Destinasjon Sunnmøre og Ålesund	AS			
Sykkylven Friluftssenter SA	LL	5		
Sunnmøre Krisesenter AS	AS			Birgitte S. Bonesmo
Sykkylven bedriftshelseteneste		3		
ÅRIM IKS	IKS	7	1	Vald av repr.skapet
AV-sentralen Volda		4	1*	Steinar Nordmo

Det vart i tillegg gitt utfyllande opplysningar om dei forskjellige selskapa.

Årsrekneskapa for Sykkylven kommune har i note oppdatert oversyn over aksjar og andelar som kommunen har i varig eige:

Note nr. 5 – Aksjar og lutar

	År 2019	År 2018	År 2017
EIGARINNSK. ÅKNES/TAFJ. IKS	297 500	297 500	297 500
ÅRIM IKS (8% ANDEL)	40 000	40 000	40 000
MURITUNET AS	70 000	70 000	70 000
AURE OMSORGSBUSTADER AS, 400 A KR 500,-	352 000	352 000	200 000
SYKKYLVEN BUSTADSELSKAP AS	4 600 000	4 600 000	4 600 000
SYKKYLVEN ENERGI AS, 33 A KR 300.000,-	51 670 516	51 670 516	51 670 516
RADIO STORFJORD AS, 500 A KR 100,-	1	1	1
BYRG KOMPETANSE AS	10 000	10 000	10 000
STORFJORDTERMINALEN AS	8 100 000	8 100 000	8 100 000
HAREID FASTL.SAMBAND AS, 10 A KR 1000,-	10 000	10 000	10 000
AV-SENTERET AS	36 000	36 000	36 000
BIBLIOTEKSENTRALEN AL, 3 A KR 500,-	1 500	1 500	1 500
SYKKYLVSBRUA AS	0	0	8 340 000
STORFJORDSAMBANDET ASA	4	4	4
SYKKYLVEN RESSURSSENTER AS	6 000	6 000	6 000
VELLEDALEN I BALANSE AS, 5 A KR 1000,-	5 000	5 000	5 000
SYKKYLVEN NÆRINGSUTV. AS, 26 A KR 1000,-	26 000	26 000	26 000
UTVIKLINGSFORUM FOR ÅLESUND LUFTHAVN VIGRA AS (1 AKSJE A KR 25 000)	25 000	25 000	0
MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA	105000		
STRAUMGJERDE VASSVERK, 10 A KR 500	5 000	5 000	5 000
DET NORSKE TEATRET LL	3	3	3
STORFJORD KULTURHUS SA, 5 PARTAR A KR 1.000,-	1	1	1
NORSK MØBELFAGLEG SENTER, STIFTINGSKAPITAL	17 000	17 000	17 000
KOMPETANSESENTER FOR NORSK MØBELINDUSTRI	600 000	600 000	600 000
EKORNES ASA (465 AKSJAR A KR 107,50)	0	0	50 488
SYKKYLVEN FRLUFTSENTER 300 A KR. 100	30 000	30 000	30 000
HUNDEIDVIK VASSVERK VERDI PÅL	5 000	5 000	5 000
ØVRE VELLEDALEN VASSVERK, PÅL.	5 000	5 000	5 000
EIGENKAPITALINNSKOT KLP	15 677 692	12 904 507	10 004 513
SUM	81 694 217	78 816 032	84 129 526

Eit raskt søk på proff.no gir følgande oversyn over aksjeselskap der Sykkylven eig aksjar:

Storfjordterminalen AS, 700 aksjar, andel 100%

Sykkylven Energi AS, 33 aksjar, andel 100%

Sykkylven Energi Holding AS, 33 aksjar, andel 100%

Møbelkraft AS, 600 aksjar, andel 11,403%

Utviklingsforum For Ålesund Lufthavn, Vigra AS, 1 aksje, andel 2,439%

Hareid Fastlandssamband AS, 10 aksjar, 0,132%

Velledalen i Balanse AS, 50 aksjar, andel 0,022%

Byrg kompetanse AS, 30 aksjar, andel 0,01%

I rekneskopen til ÅRIM IKS for 2019 gjekk det fram at Sykkylven kommune hadde 8% av innskoten eigenkapital i selskapet (kr 40.000).

På heimesida til Sunnmøre Regionråd IKS går det fram at alle deltakarane (14 kommunar) har lik eigardel i selskapet.

2.3 POLITISKE SAKER OG TIDLEGARE EIGARSKAPSKONTROLLAR

Kommunestyret handsamer med jamne mellom saker knytt til eigarskap i aksjeselskap (AS) og interkommunalt samarbeid (IKS). Gjennomgang av saker i kommunestyret frå 01.01.2018 (og formannskapet i 2020) viser at det har vore oppe ei rekkje saker anten som referatsaker eller egne saker:

- Løyving til Storfjordsambandet AS (Kommunestyret 02.11.2020, sak 80/20)
- Søknad om kausjon (Aure oms.bust. AS) (Kommunestyret 28.09.2020, sak 46/20)
- Oppretting av Sykkylven omsorgsbustader KF ((Kommunestyret 28.09.2020, sak 47/20)
- Framlegg til ny selskapsavtale for Årim IKS ((Kommunestyret 28.09.2020, sak 73/20)
- Ny samarbeidsavtale for Sunnmøre Friluftsråd (KO) (Formannskapet 28.09.2020, sak 82/20)
- Storfjordsambandet – utgreiings- og utviklingskostnadar (Formannskapet 01.09.2020, sak 65/20 og 68/20)
- Dekking av utgifter for Storfjordterminalen as (Formannskapet 01.09.2020, sak 69/20)
- Orientering Storfjordsambandet (Formannskapet 22.06.2020, referatsak 21/20)
- Parneravtale Regionalt Partnerskap – signert (Formannskapet 08.06.2020, referatsakt 13/20)
- Suppleringsval – representantskapet i Åknes Tafjord Beredskap IKS (Formannskapet 08.06.2020, sak 53/20)
- Orientering frå miljøsekskapet ÅRIM (Kommunestyret 25.02.2020, referatsak 02/20)
- Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining på Sunnmøre. Nye vedtekter og ny beredskapsplan ((Kommunestyret 25.02.2020, sak 05/20)
- Selskapsavtale ÅRIM IKS – Ny høyring (Formannskapet 20.01.2020, sak 09/20)
- Ny selskapsavtale Åknes Tafjord beredskap IKS (Kommunestyret 16.12.2019, sak 95/19)
- Spørsmål til ordførar om status for Storfjordsambandet ((Kommunestyret 16.12.2019, SM-sak 03/19)
- Innskot av eigenkapital i Møre og Romsdal Revisjon SA (Kommunestyret 11.11.2019, sak 86/19)
- Selskapsmessig skilje av Sykkylven Energi AS (Kommunestyret 11.11.2019, sak 87/19)
- Orientering ved Sykkylven Energi AS om endring i organisering av selskapet (Kommunestyret 21.10.2019, referatsak 24/19)
- Endring av selskapsform for Aure omsorgsbustader AS til kommunal føretak (Kommunestyret 21.10.2019, sak 78/19)
- Oppdatering selskapsavtale Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (Kommunestyret 02.09.2019, sak 62/19)
- Framforhandla avtale om kjøp av Sykkylven Legetjeneste AS (Kommunestyret 17.06.2019, sak 52/19)
- Fusjon mellom Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS (Kommunestyret 08.04.2019, sak 26/19)

- Sak om endring i selskapsavtale Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS (Kommunestyret 08.04.2019, sak 27/19)
- Forhandlingar om kjøp av Sykkylven Legetjeneste AS (Kommunestyret 08.04.2019, sak 34/19)
- Storfjordsambandet – Søknad om driftsstøtte (Kommunestyret 17.12.2018, sak 89/18)
- Innløyising andre aksjonærar Aure Omsorgsbustader AS (Kommunestyret 17.12.2018, sak 97/18)
- Status forhandlingar Sykkylven Legetenester (Kommunestyret 17.12.2018, sak 99/18)
- Muleg/vurdering kjøp av bygg/selskap (Kommunestyret 06.12.2018, sak 84/18)
- Orientering – Storfjordsambandet (Kommunestyret 19.09.2018, Rsak 29/18)
- Sykkylven næringsutvikling – revitalisering og organisering (Kommunestyret 19.09.2018, sak 62/18)
- Etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn Vigra AS (Kommunestyret 18.06.2018, sak 47/18)
- Riving av godsterminalen (Kommunestyret 14.05.2018, sak 29/18)
- Orientering Sykkylven Næringsutvikling (SNU), (Kommunestyret 14.05.2018, Rsak 13/18)

Det vart i 2018 utarbeidd både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av ÅRIM IKS (der Sykkylven kommune er medeigar), etter bestilling frå Ålesund kontrollutval.

I eigarskapskontrollsaken gjorde Ålesund bystyre følgande vedtak:

1. Bystyret tar rapporten til orientering.
2. Bystyret ber rådmannen om å legge fram en sak om oppgavefordelingen mellom ÅRIM og Bingsa Næring.
3. Bystyret ber rådmannen om å legge fram en sak om samordning av strategiene for ÅRIM, Bingsa Næring og Tafjord Kraftvarme AS innen utgangen av 2019.
4. Bystyret ber rådmannen om å vurdere å ta et initiativ ovenfor Sunnmøre Regionråd med sikte på å gi dem en rolle i opplæringen av politikere som har verv i styrende organer, og eventuelt vurderer andre funksjoner regionrådet kan ha i forhold til eierskapsstyringen.

3 VURDERING

Aktuelle tema å vurdere vil kunne vere om

- kommunen har utydelege prinsipp for utøving av eigarskap
- kommunen har føringar på habilitet
- Praktisering av offentlegheit
- Føremålet med eigarskap er uklart
- Kontroll av om selskap når sine mål
- Kommunestyret sine vedtak blir følgde
- Føringar for kompetanse styresamansetning

I eigarskapsmeldinga går det fram oversyn over selskapa, og det blir drøfte motiv for dei forskjellige selskapsformene. Meldinga gir overordna føringar på prinsipp om meirinnsyn. Det går vidare fram at det årleg bør bli invitert til informasjons- og strategimøter med dei viktigaste selskapa. Jf. meldinga skal det haldast eigarseminar med to års mellomrom, der eigarskapsmelding og eigarskapspolitikk skal bli gjennomgått.

Vi vurderer det slik at Sykkylven kommune bør oppdatere eigarskapsmeldinga si så raskt som mogleg. I tillegg til krav om utarbeiding minimum ein gong i valperioden, er det og slik at det har vore endringar i kommunestruktur. Dette har medført at det er endringar i fleire interkommunale selskap og samarbeid. Vidare er det 7 år sidan meldinga vart vedteken, og det ville uansett vere på tide med ei oppdatering/ny eigarskapsmelding.

Vår vurdering er difor at kommunen raskt bør utarbeide ny eigarskapsmelding der ein følger opp intensjonane for eigarskapsmeldingar i tråd med ny kommunelov og tilrådingane frå KS.

Dersom det blir utarbeidd eigarskapsmelding relativt raskt, vil det etter vår vurdering vere mest naturleg at kontrollutvalet i etterkant vurderer å sjå nærare på

- Korleis Sykkylven kommune utøvar sitt eigarskap
- Korleis Sykkylven kommune og andre eigarkommunar utøvar sitt eigarskap i fellesskap